



ÅRSMELDING FOR
HOLSEN &
HAUKEDALEN
SOKN – 2025.



Soknerådet har vore samansett slik:

Leiar: Bodil Øvsthus Frøysland, Haukedalen
Nestleiar: Laila Marie Nydal, Holsen
Gunn Alise Heimestøl, Holsen
Nils Asbjørn Gjerland, Haukedalen
Øystein Holsen, Holsen
Anne Berit Holsen, Holsen
1. varamedlem: Gert Runar Rørvik, Haukedalen
2. varamedlem: Bertel Eivind Flaten, Holsen
3. varamedlem: Anne Grethe Steinfeld, Haukedalen
4. varamedlem: Karin Annbjørg Øverli Grøneng, Haukedalen
5. varamedlem: Gro Helen Reiersgård, Holsen

Medlemer i andre råd og utval:

Sunnfjord Kyrkjeleg fellesråd: Nils Asbjørn Gjerland (Øystein Holsen varamedlem)

Kyrkjelydsbladet Helg og Heim: Bodil Frøysland (Laila Nydal varamedlem)

Trusopplæringsutvalet: Gunn Alise Heimestøl (Bodil Frøysland varamedlem)

Stiftinga Grovene: Gert Runar Rørvik (Bertel Eivind Flaten varamedlem)

Andre nemnder:

Diakoninemnd i Holsen: Inger Lise Vallestad
Diakoninemnd i Haukedalen: Bodil Støfring og Erna Myren

Blomering Holsen kyrkje: Kari Skullerud Holsen, Møyfrid Vallestad og Gunn Heimestøl

Ansvar for blomar på altaret i Haukedalen: Bodil Ø. Frøysland

Tilsette i kyrkjelydane:

Me viser til årsmeldinga for 2024.

Det er fleire tilsette i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd etter kommunesamanslåinga i 2020.

Det medfører at personar jobbar meir på tvers av soknegrensene enn tidlegare.

Tal til årsmeldinga for 2025 – Holsen og Haukedalen

Her er statistikken for dei siste fem åra, og då er det verdt å merke seg at vi hadde ei markant nedgong under Corona og at det så har teke seg opp etter dette. Det er også viktig å få med seg dei tala som står i merknadane under statistikken. I statistikken står dei tala Kyrkja sentralt ber om, men soknerådet har og andre arrangement.

	2021	2022	2023	2024	2025
Døypte eigne	4	2	1	1	1
Deltakande på søndagsgudstenester	782	976	1152	1279	955
Deltakande på andre gudstenester	177	227	128	165	140
Deltakande på gudstenester totalt	959	1203	1270	1414	1095
Tal søndagsgudstenester	27	30	33	33	28
Tal andre gudstenester	3	4	2	3	2
Tal gudstenester med nattverd	12	9	10	10	11
Totalt tal på deltakarar til nattverd	98	139	97	95	78
Tal gudstenester totalt	30	34	35	36	30
Gjennomsnitt oppmøte gudstenester	32	35	39	39	36
Gjennomsnitt oppmøte hovudgudsteneste	29	32	35	39	34
Gjennomsnitt tal på nattverdsgjester	8	15	9	9	7
Tal konfirmantar	7	7	9	6	4
Totalsum på innkomne gåver på kollekt i kyrkja	26.717	46.094	43.771	38.144	36.747
Innmelde	0	0	0	0	--
Utmelde	0	0	1	0	--
Vigsler	0	0	0	0	1
Gravferder	4	7	7	4	2

MERKNADAR:

Det kan være naudsynt med litt forklaring til tala.

Eg kan ikkje finne nokon klar forklaring på kvifor gudstenestebesøktala er så ulike for 2024 og 2025. Det kan skuldast at tala for 2023 og 24 har rekna med Musikkandaktene inn i talet, men det åleine forklarar ikkje nedgangen. Tala er henta frå kyrkjebøkene i Holsen og Haukedalen, så om det er ført rett inn så stemmer tala.

Vi veit at dei åra det er mange konfirmantar aukar deltakinga noko fordi konfirmantane skal vere med på 8 gudstenester, og då kjem også ofte ein av foreldra med.

Vi har færre gudstenester med nattverd, og nedgangen i tal deltakarar til nattverd er synkande.

Vi hadde i året 2 skulegudstenester med til saman 140 deltakarar. Her er også barnehagen med.

Det er verdt å merke seg at soknerådet i Holsen og Haukedalen står som arrangør og ansvarlege for fleire større tiltak som samlar bra med folk. Dette er ikkje gudstenester, men tiltak med diakonal eller kulturell profil og med lågare terskel.

I regi av soknerådet:

- 2 «Musikkandakter» (Song i hausten og song mot sommar) med totalt **100 deltakarar**.

- 1 konsert (Hårklau) med **23 deltakarar**.
- Konfirmantjubileumsmarkering i regi av soknerådet med **17 deltakarar**
- Vi over 60 fest med **50 deltakarar**.
- Juletefest i Haukedalen med **65 deltakarar**.
- Familiedag med utdeling av bøker i regi av trusopplæringa – laurdag i januar. **30 deltakarar**.

Elles har begge bygdene stølsmesse kvar sommar, og tala frå desse skal bli førte inn i kyrkjebøkene som gudstenester.

Vi er og med på fellesgudstenesta i Movika Olsok, Palmesøndagsgudstenesta i Naustdal, og festivalgudstenesta i Førde i juli.

11.februar 2026

Ingvald Andersen Frøyen

Arbeid og aktivitet i soknet i 2025

I 2025 har soknerådet hatt 5 møte og handsama 41 saker. Soknerådsmøta vore haldne på Holsen skule, Frøysland skule, Holsen kyrkje og Haukedalen kyrkje.

Hausten 2024 reduserte soknerådet talet på møte til 2-3 i halvåret. Rådet ynskjer å ha eitt møte i kvar av kyrkjene i løpet av året og elles leiga møterom på skulane.

Aktivitet i kyrkjelydane gjennom året

Januar:

05.01 Gudsteneste Holsen kyrkje kl.15.00. Minnegudsteneste

16.01 Soknerådsmøte Holsen skule

19.01 Gudsteneste Haukedalen kyrkje kl.15.00. Minnegudsteneste

25.01 Familiedag Holsen for begge bygdene der totalt 25-30 personar (barn med følgje) møtte til ei samling med mat, bibelfortelling, aktivitetar og leikar. Born 4 og 5 år gamle samt 5. klassingar var inviterte til å få bok på samlinga. Gry Sætre var med frå kyrkjekontoret, Eirik Dahl spela piano. Vellukka arrangement! Fleire deltakarar enn sist gong.

Februar:

02.02 Gudsteneste Holsen kyrkje kl.11.00

08.02 Vi-over-60-fest i Haukedalen. Kåseri ved Ingvar Vagstad, quiz, allsong og innslag av soknerådsmedlemmer. Songgruppa i Haukedalen deltok. Haustgryte frå Eldalstunet og deretter kaker og kaffi. Det var godt oppmøte med ca. 50 personar på festen. Gode tilbakemeldingar.

23.02 Gudsteneste Haukedalen kyrkje kl.15.00

Mars:

02.03 Gudsteneste Holsen kyrkje kl.15.00. Kyrkjekaffi med konfirmantforeldre.

- 16.03 Gudsteneste Haukedalen kl.15.00 med utdeling av bøker til 6- og 7-åringar.
18.03 Skulegudsteneste Holsen kyrkje tysdag kl. 9.15.
20.03 Soknerådsmøte Frøysland skule

April:

- 06.04 Gudsteneste Holsen kyrkje kl.15.00. Utdeling av bøker til 6- og 7-åringar.
Kyrkjekaffi og årsmøte etter gudstenesta. Fasteaksjonen til konfirmantane.
17.04 Gudsteneste Holsen kyrkje kl.19.00 Skjærtorsdag.
20.04 Gudsteneste Haukedalen kyrkje kl.15.00 Påskedag
24.04 Møte i Viksdalen kyrkjestove der me snakka om samarbeid om friluftsgudstenester Holsen/Haukedalen og Viksdalen. Viksdalen/Gaular vert inviterte til å vera med på stølsmessa på Nydalsstølen 10. august. Viksdalen inviterer i 2026 og Haukedalen i 2027. Me ynskjer å få til sosial samling etter gudstenesta med grilling og enkle aktivitetar for familiar.

Mai:

- 11.05 Gudsteneste Holsen kl.11.00 med konfirmasjon. 4 konfirmantar.
17.05 Gudsteneste Haukedalen kl.11.00 og Holsen kl.12.15. Oddmund Frøysland spela trekkspel til salmane i Haukedalen.
29.05 Gudsteneste Haukedalen kl.11.00 med konfirmasjon. Kristi himmelfartsdag. 1 konfirmant.

Juni:

- 05.06 «Song mot sommaren» i Haukedalen kyrkje kl.19.00. Variert musikalsk program, verbalt innslag, allsong og kringle til kaffien etterpå. Det var godt oppmøte med 53 personar.
05.06 Soknerådsmøte Haukedalen. Kort møte etter «Song mot sommar»
08.06 Gudsteneste Holsen kyrkje kl.15.00. Pinsedag
24.06 Jonsokgudsteneste Haukedalen kyrkje kl.19.00. Songgruppa i Haukedalen deltok. Markering av at kyrkja er 140 år. Historisk tilbakeblikk v/ Nils Gjerland. Ekstra god kyrkjekaffi med marsipankake med bilde av kyrkja.

Juli:

- 20.07 Stølsmesse Haukedalen kl.12.00 ved Grønengstølsvatnet. Jorunn Knapstad var liturg, Oddmund Frøysland spela trekkspel. Godt oppmøte i varmt sommarver, 40 deltakarar.

August:

- 10.08 Stølsmesse Holsen kl.12.00 på Nydalsstølen. Diakon Anita Ø. Rusken var liturg. Ottar Rusken spela trompet. Vêret var fuktig, men 29 deltakarar fekk plass i eit stølshus. Orientering om stølen v/ Tor Arild Nydal Holsen som også spelte på lur. Sosialt fellesskap med mat og lek. Samarbeid med Viksdalen om friluftsgudsteneste. Sjå Helg og Heim nr 3 2025.
24.08 Gudsteneste Haukedalen kyrkje kl.19.00. Konfirmantpresentasjon (5 konfirmantar)

September:

- 06.09 Bjørgvinsamtalen Vassenden kyrkjesenter. Møte mellom sokneråda i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn og bispedømerådet i Bjørgvin. Inspirasjon og erfaringar om arbeid i andre sokn. Avslutta med gudsteneste der biskopen var med.
- 07.09 Gudsteneste Holsen kl.15.00. Konfirmantpresentasjon (4 konfirmantar).
- 11.09 Soknerådsmøte Frøysland skule
- 28.09 Gudsteneste Haukedalen kyrkje kl.15.00. Mikkelsmesse og hausttakkefest. Kyrjekaffi etter gudstenesta.

Oktober:

- 05.10 Gudsteneste Holsen kyrkje kl.15.00. Hausttakkefest og kyrjekaffi.
- 19.10 Gudsteneste Haukedalen kyrkje kl.15.00. Dåp og konfirmantjubileum med fullsett kyrkje. Før gudstenesta var jubilentane samla til middag, kake og kaffi i Frøysland skule. Sjå tekst og bilde i Helg og heim nr 4 2025.
- 29.10 Møte for sokneråda i Sunnfjord, sokneprest og fellesråd. Det vert behov for auka samarbeid mellom sokna for å løysa oppgåver framover.

November:

- 09.11 Gudsteneste i Holsen kyrkje kl.15.00
- 13.11 «Song i hausten» i Holsen kyrkje kl.17.00. Variert musikalsk program, tankar og dikt v/ Nils Gjerland, korsong ved korgruppe samansett for kvelden, allsong og kringle til kaffien etterpå. Det var godt oppmøte med ca. 45 personar.
- 13.11 Soknerådsmøte i Holsen kyrkje etter «Song i hausten»
- 23.11 Gudsteneste Haukedalen kl.15.00.
- 26.11 Konsert Haukedalen kyrkje kl.18.00 Eit hundreårsminne Johannes Haarklou v/ Rune Alver og Christine Marøy

Desember:

- 04.12 Skulegudsteneste Holsen kyrkje torsdag kl.10.00
- 07.12 Lysmesse Haukedalen kl.16.00. Konfirmantane deltok.
- 07.12 Lysmesse Holsen kl.19.00. Konfirmantane deltok.
- 24.12 Gudstenester Haukedalen kyrkje kl. 12.00 og Holsen kl. 14.00. Trekkspelmusikk i begge kyrkjene grunna mangel på kantor. Jøran Vallestad spela i Holsen kyrkje og Oddmund Frøysland i Haukedalen kyrkje
- 27.12 Juletreffest Haukedalen kl.13.30 felles for begge bygdene, arrangert av soknerådet. Tradisjonell juletreffest med julefortelling, songgruppa song, Sissel Gjerland Ekra og Odd Gunnar Frøysland bidrog med song/musikk, nissebesøk, gang rundt juletreet, julemoro og matøkt. Felles matbord fungerte godt. Godt oppmøte (ca. 65 personar).

Gudstenester

Dette året har gudstenestene vorte gjennomført etter oppsett gudstenesteplan. Det stod informasjon om stølsmessene i Helg og Heim nr 2 2025 som kom ut før sommaren.

Kyrkjemusikk

Det har vore fleire personar som har delt på å spela på gudsteneste i vårt sokn også i

2025. På 17. mai og julaftan har lokale krefter måtte hyrast inn i våre kyrkjer grunna mangel på kantor. Mange gudstenester har vore kl. 15.00 fordi kantor spelar på gudsteneste andre stader kl. 11.00 same søndagen.

Musikk-arrangement og konsertar

I 2025 har det vore "Song mot sommaren" i juni i Haukedalen kyrkje og "Song i hausten" i november i Holsen kyrkje. Begge gongene var det godt oppmøte (45-55 personar) og gode tilbakemeldingar både frå musikarar, songarar og publikum. Soknerådet ynskjer at dette skal verta eit fast arrangement med veksling mellom kyrkjene (Haukedalen før sommaren, Holsen på hausten).

Rune Alver og Christine Marøy hadde konsert i Haukedalen kyrkje i november, på same dato som komponisten Johannes Haarklou døydde for 100 år sidan.

Konfirmantjubileum

Det vart arrangert konfirmantjubileum i Haukedalen i oktober 2025. Denne gongen var det dei som var konfirmantar i 1974 og 1975, 1964 og 1964, 1954 og 1955 samt 1949 og 1950 i begge bygdene som var inviterte. Jubilantar frå alle årsklassane møtte til jubileumsmiddag i Frøysland skule, til saman 17 personar.

Planen er å invitera til konfirmantjubileum kvart andre år, for to årskull om gongen. Me vekslar på å ha det i Holsen og Haukedalen. Neste konfirmantjubileum vert arrangert på Holsen hausten 2027.

Misjonsavtale

Soknerådet inngjekk misjonsavtale med NMS i 2015. Me støttar arbeidet i Estland. Det var to ofringar i kvar kyrkje til misjonsprosjektet i 2024.

Opprusting/vedlikehald kyrkjene

- Dugnad på kyrkjegarden på Holsen våren 2025, også dette året eit samarbeid mellom grendalaget på Holsen og soknerådet. I Haukedalen var det også dugnad før 17. mai slik at det var fint til festdagane i mai.

Diakoninemndene sitt arbeid

Holsen og Haukedalen sokneråd vedtok at diakoninemndene sitt arbeid med blomehelsingar til jubilantar vart avslutta frå 31.12.2024. Det vart difor ikkje delt ut blomehelsingar til jubilantar i 2025.

Soknerådet vil i staden for å kjøpa blomar heller bruka tid og ressursar på samlingar og sosiale møtepunkt for aldersgruppa. Det vil framleis verta arrangert Vi-over-60-fest kvar vinter og samlingane "Song mot sommar" og "Song i hausten" i kyrkjene held fram.